

Pets Nordfjord
Eidsgata 45
6770 NORDFJORDEID

7. oktober 2016

EUS ved elevar i 9A

Tilbod

I butikken vår køyrer vi ofte tilbod. Dette kan vere varer som det har vore lite salg av, eller kampanjetilbod frå leverandør. Dersom de er lite sal av ei vare, må vi vurdere om prisen kan vere for høg i forhold til kva kundane er villege til å betale. Pets Nordfjord ønskjer hjelp frå 9A til å vurdere pris på to varer.

Den eine er ei ukurant vare som det har vore lite sal av. Vara det gjeld får de vite meir om i butikken vår. De vil også få vite innkjøpspris, og utgiftene butikken har til løn, husleige og andre faste kostnadar. Den andre vara er Cocoon hundeseng der leverandøren køyrer eit kampanjetilbod.

Oppdrag frå Pets Nordfjord::

Ukurant vare:

- Ein oversikt over kor mange prosent og kroner kunden sparer, og kor mange prosent og kroner Pets Nordfjord taper i fortjeneste ved prosentvis prisavslag ved 10 % og 20 % på førprisen til vara. Ved full pris har vi 10 % fortjeneste på vara. Kan de finne forholdet mellom kva kunden sparer og butikken taper i fortjeneste ved prosentvisavslag. Bruk gjerne rekneark.
- Føreslå og grunngi kva pris Pets Nordfjord bør setje på vara når den skal seljast til tilbodspris. Når varekjøp (innpris) utgjer 50 % av førpris, lønsutgifter 25 %, husleige 10 %, andre kostnadar 5 % og fortjeneste 10 %.
- Vurder også alternativet 3 for 2
- Kom gjerne med eigne forslag til korleis Pets Nordfjord kan få fart på salet av vara.
- Lage ein tilbodsplakat med førpris, tilbodspris og kor mange prosent kunden sparer på tilbodet de meiner butikken kan gi (sjå punkt ovafor). Hugs moms.

Cocoon hundeseng:

- Hundesenga fins i fire storleikar. De skal grunngje og føreslå pris for kvar av sengene utifrå storleik. Lage ein tilbodsplakat der prisane på kva seng kjem tydeleg fram. Førpris for sengene samla er 3256 kr, tilbodspris startar på 299 kr for den minste.
- Forslag til formel som kan nyttast i excel ved utrekning av rett pris på kva av hundesengene.

Tilrådinga dykkar skal byggje på verkelege undersøkingar som de har utført, og skal presentarast i ein rapport som Pets Nordfjord får overlevert **måndag 31. oktober**. Denne dagen skal de også halde ein presentasjon for meg og resten av klassen. Har de spørsmål til oppdraget ta kontakt på tlf xx xx xx xx. Lukke til!

Helsing

Signatur